

Overnatt i skogen under open himmel

Bruk skogen som soverom og overnatt under open himmel.



VANSKELIGHETSGRAD
Lett



KATEGORI
Natur



TIDSBRUK
Heldags



FARGE
Blå



Les mer på
4h.no

Beskrivelse av oppdraget

I dette oppdraget skal du sova ute under open himmel. Har du aldri har gjort det før, er det best å overnatta saman med nokon andre den fyste gongen. Du trenger ikkje å overnatte langt unna der du bor, men finn ein stad som gir kjensle av å vera inni i skogen.

Først må du planleggja overnattinga:

- Under finn du ei liste over ting som er viktig å ha med. Det finnes mykje fint utstyr du kan pakke med deg, men hugs at du skal bære det sjølv. Pakk difor etter årstida. Når ein skal sova ute er det viktig å leggja seg i klede som ein ikkje har brukt tidlegare på dagen. Dei er ofte rå og då frys ein lett. Skal du overnatte i hengekøye, kan du òg velje oppdraget [Tur med hengekøye](#).
- Finn eit kart over området du skal overnatte i. Har du ikke brukt kart før, kan du godt kombinere dette oppdraget med oppdraget [Lær deg å forstå kartet](#).
- Så må du bestemme dag og tidspunkt for turen. Fortel om turplanen din til foreldra dine.

Nå er det berre å leggje ut på tur. Ta bilete og skriv ein liten rapport som du kan vise fram på haustfesten.

Oppdraget er utvikla i samarbeid med Helene Bakke Oudenstad frå [Skogkurs](#).

Utstysliste

Liggjeunderlag og sovepose

Ren stillongs og genser

Sokker

Tannkost og tannkrem

Lommelykt

Enkel mat (tel talet på måltid)

Turbestikk og kopp

Vatnflaske

Kart

Førstehjelpsutstyr